



Hordaland Fylkeskommune
Kultur og idrettsavdelinga
Postboks 79
5020 BERGEN

Norheimsund 7. juni 2018

Søknad om 12 mill. kroner til utviklingsprosjektet *Tett på*.

Hardanger fartøyvernsenter er ei avdeling ved Hardanger og Voss museum. Senteret er eit nasjonalt kompetansesenter for fartøyvern og museum for maritim kultur og historie. Senteret satsar tungt på ivaretaking og formidling av immateriell kulturarv knytt til maritime handverk og historie. Med god stønad frå lokalsamfunnet, private, Hordaland fylkeskommune og Kulturdepartementet, har Hardanger fartøyvernsenter utvikla seg til å bli eit kraftsenter for maritim kultur og kulturarv i nasjonal samanheng. No står me på spranget til å bringa dette tettare på publikum.

Musea i Hordaland ynskjer å ha ei leiarrolle nasjonalt når det gjeld dokumentasjon, formidling og forsking på kystkultur, maritim industriutvikling og fartøyvern. Som nasjonalt senter for maritim kulturarv, har Hardanger fartøyvernsenter gjennom langvarig satsing på vidareføring av maritime handverkstradisjonar, bygd opp spisskompetanse innan fartøyrestaurering, bygging av fartøyreplika, smedarbeid, småbåtbygging, reipslaging og skutesegling. Me er godkjent læreverksemد,

rekrytterer lærlingar til faga og tek imot volontørar frå andre land. Satsinga vår har fått både nasjonal og internasjonal merksemd. Me er aktivt medlem av det nasjonale museumsnettverket for kystkultur og fiskeri. Med utgangspunkt i opne museumsverkstadar og seglende fartøy driv me historieformidling i brei forstand. Me har no årleg om lag 17 000 besøkande. Gjennom eit eige visjonsprosjekt, planlegg me anlegg og innhald som skal gje auka besøkstal dei nærmaste åra. Vår visjon er: «Gode opplevelingar å bryna seg på.»

Strandvegen mellom Norheimsund sentrum og Hardanger fartøyvernsenter stod ferdig juni 2013 og medførte at publikumstilstrøyminga auka monaleg. Med stønad frå mellom anna Hordaland fylke bygde me i 2017 om det gamle sjøhuset (som ligg på sjøsida av reiparbana) slik at me no har eit publikumsmottak og ein liten kafé her. Lokalet i sjøhuset er allereie i minste laget i høve til den publikumsauken me har hatt dei siste åra. Dette er såleis berre ei midlertidig løysing i påvente av at me får realisert planane i visjonsprosjektet **tett på**.

Hausten 2015 fekk me etter 10 år med planlegging, kjøpa naboeigedomen til fartøyvernsenteret. Egedomen ligg der Strandvegen endar og fører folk og turistar frå sentrum til attraksjonen, fartøyvernsenteret. På egedomen er det eit fleksibelt næringsbygg på 1000 kvadratmeter som me har som mål å transformera til kulturføremål. Fartøyvernsenteret manglar eit slikt kulturygg og tyngdepunkt for museumsverksemda vår som er spreidd i fleire mindre bygg. Bygget vil gje oss nye muligheter i formidlinga; for heilårsbruk, for nye aktivitetar og større grupper. I andre høgda er det planlagt nye felles kontor. Me har døypt bygget «**Kulturnaustet**» og **planlegg innhald som skal få det til å myldra med folk her**. Prosjektet **Tett på** handlar om korleis me skal nytta den nye egedomen og kopla den på, og utvikla det eksisterande museumsverftet. Me skal vidareutvikla drifta ved Hardanger fartøyvernsenter slik at folk verkeleg kan få oppleva å koma tett på maritime handverk og andre maritime kulturuttrykk.

Sjøsida av **Kulturnaustet** vil me nytta til eit nytt velkomstområde med resepsjon, kafé og butikk. Det vert også formidlingsarenaer som utstillingslokale og filmsal i bygget. Det er viktig for oss å planlegga for meir rasjonell drift som erstatning for det me opererer med i dag. Fleksibilitet mellom drift i lågesesong og høgesesong er ekstra viktig å bygga inn i eit museum som ligg i eit reiselivsdistrikt i fjord-Noreg.

Etter tilbakemeldingane frå kulturrådet i 2016 og 2017 har mi hatt ein grundig gjennomgang av planane for området og det tidlegare næringsbygget. Me har bestemt oss for å flytta delelager/magasin og nettbutikk ut av bygget. Me vil i staden prioritera å ha eit større formidlingsareal i bygget. Reiselivet satsar på «Heile Hardanger – heile året» og det er lagt opp til tilstrøyming av reisande i ein utvida sesong. For oss er det difor viktig å ha utstillingslokale som gjev gode formidlingstilhøve også om vinteren. Me er no i ferd med å laga nye planteikningar og

har søkt arkitektbistand for prosjektering av Kulturnaustet, og ein maritim vitenpark på utearealet. Prosjekteringsarbeidet er finansiert.

Udstillingsareala vil gje plass til ny basisutstilling som vil sette fokus på regionen si maritime historie. Me vil òg sette av areal til temporære utstillingar. I utstillingane vil me vidareføre våre satsingar på å læra gjennom å gjera. Denne delen av kulturnaustet kan stengast av, slik at kafé og møtefasilitetane kan nyttast til utelege når museet er stengt. Det er viktig å tilrettelegga publikumsmottaket slik at det kan bemannast av ein person åleine i lavsesongen, og av fleire når det er gruppebesøk, høgsesong og arrangement. Det nye bygget gjev moglegheit for publikumsmottak på bakkeplan, universell utforming og gode utstillingslokalitetar samt kontordel, bibliotek og dokumentasjonssenter i 2. høgda. Me får med andre ord eit rasjonelt og formålstenleg bygg på rett stad (for teikningar og meir informasjon om utbygginga sjå heftet **Tett på**).

Å gjera den maritime kulturarva meir synleg og tilgjengeleg

I etableringa av dei norske folkemusea vart kystkulturen ståande i skuggen. Dette kan forståast ut frå musea si rolle i nasjonsbygginga, og tidstypiske tankar om den frie norske bonden. Kystkulturen vart også stående i skuggen under etableringa av sjøfartsmusea. Her var det Noreg si rolle på verdshava som først og fremst fekk fokus. Då museumsinstitusjonane med sine strukturar og faglege praksisar vart etablert, var altså ikkje kystkulturen betrakta som interessant og relevant. Konsekvensane av dette kan me framleis sjå i det norske museumslandskapet. Ynskja om å få kystkulturen ut av sitt lange skuggetilvere i museumssektoren, er bakgrunnen for at både ABM-meldinga Kjelder til kunnskap og oppleveling (1999-2000) og Stortingsmelding nr. 49 Framtidas museum (2008-2009) framhevar kystkultur som eit av dei temaat som skal prioriterast innan sektoren. I dette arbeidet har Hardanger fartøyvernsenter teke ei sentral rolle. På senteret formidlar me med utgangspunkt i maritime handtverk og kulturarv kunnskap om eit tilverke der fjorden og sjøen var viktige premissleverandørar. Prosjektet **Tett på** er eit investeringsprosjekt som i høgste grad fylgjer opp dei faglege føringane som er lagt i stortingsmeldingar knytt til museumssektoren.

I 2017 og 18 har me sett av ressursar til aktiv og profesjonell marknadsføring saman med reiselivet. Målet er å få besøkjande året rundt og endå fleire turistar i hovudsesong. Me har dei siste åra vidareutvikla aktivitetssatsingane våre. Dei museumsbesökande vert no invitert med på ei rekke ulike maritime aktivitetar. Dette har synt seg å vera særpopulært. Målet no er å få til god formidling og å fortelja maritim historie til fleire gjester. Då trengst ei fornying og vidareutvikling av dette publikumstilbodet og fokus på fleire spanande sider ved vår fjord- og


kystkultur. Hardanger og Voss museum vil vera byggherre i prosjektet. Me søker med dette Hordaland fylkeskommune om 12 millionar kroner i stønad til prosjektet **Tett på**.

Med venleg helsing

Hardanger og Voss museum


Randi Bårtvedt
Doktor

Direktør


Heidi Richardson
Prosjektmedarbeidar

Vedlegg:

1. Økonomi og finansiering
2. Prosjektskisse «Tett på»

Vedlegg 1. Økonomi og finansiering

Investeringsbudsjett

Tal i 1000 NOK			
Investering	Periode	Beløp	Kommentar
Publikums- og servicebygg	2019-2023	59.000	Utviding av Kulturnaustet
Utvikling eksisterande anlegg	2016-2023	27.883	Etablering av nye funksjonar i eksisterande anlegg
Næringsbygg med tomt	2016	13.117	Kjøp av nabotomt m/bygg 2016
Sum investering	2016-2023	100.000	

Finansieringsplan

Tal i 1000 NOK			
Finansieringsbehov	%	Beløp	Kommentar
Investeringstilskot Kulturdepartementet	30 %	30 000	Søkjer i 2018
Investeringstilskot Hordaland fylkeskommune	15 %	14 600	Søkjer 12 mill. kr i 2018, innvilga 2,6 mill. kr i 2015/2017
Investeringstilskot Riksantikvaren	4 %	3 616	Søkjer 3 mill. kroner i 2018, mottatt 2,1 mill kroner
Investeringstilskot Kvam herad	4 %	4 000	Innbetalt 2 mill. kr. til HVM 2017. Søkjer 2 mill. i 2018
Olav Thon Stiftelsen og andre	9 %	8 800	Innbetalt 2' til HVM 2015. Søkjer i 2018
Sparebanken Vest	15 %	15 000	Søkjer i 2018
Sparebankstiftinga Hardanger	0 %	50	Innvilga i 2016
Gaveforsterking Kulturdepartementet	6 %	5 950	0,5 mill. kr innbetalt til HVM 2015
Kompensasjonsmidlar Hordaland	1 %	1 000	Innvilga 2016
Eigenandel inkl. lån i Sparebanken Vest	17 %	16 984	
Sum finansieringsbehov	100 %	100 000	
Allereie innvilga finansiering	24 %	24 117	Herav eigenandel HVM 13,9 mill. kroner
Investeringsbehov som må finansierast	76 %	75 883	

Driftsbudsjett frå 2023

Tal i 1000 NOK	
Driftsbudsjett	Beløp
Driftsinntekter	
Billettinntekter	1.050
Inntekter frå kafesal og butikk	1.000
Inntekter frå utleige	300
Kursinntekter	300
Andel driftstilskot	2.000
Sum driftsinntekter	4.650
Driftskostnader	
Innkjøp av varer til kafe, butikk og kantine	769
Avskrivningar	500
Personalkostnader	2.000
Andre driftskostnader	1.252
Sum driftskostnader	4.521
Driftsresultat	
Finanskostnader	100
Resultat	29
Driftsmargin	2,8 %

Forutsetninger driftsbudsjett:

- Heilårsope, forventar ei dobling av omsetning knytt til publikum
- Avskriving ut frå eigenandel investering på 8 mill. kroner
- 3,5 årsverk knytt til drifta av bygget; resepsjon, kafe/kantine, omvisar og driftsansvarleg
- Finanskostnader knytt til lån på 8,7 mill. kroner

i